



---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Frå:**

Ole-Martin Bruvik

**Bestilling grunnlagsnotat etter kommunestyremøte 20.04.2023 - Interpellasjon om trafikksikring i Samnanger**

Saknr/Journalnr	Arkivkode	Dato:
19/127/23/5003//OMB	FA-Q80	25.05.2023

Saman med framføring av interpellasjonen om trafikksikring i Samnanger kommune, blei det laga ei bestilling av førarbeid som er tenkt skal resultere i ei sak for politisk behandling.

I vedtaket etter interpellasjonen vart det vedteken at ordførar skulle invitere representantar frå VLFK til kommunestyremøte 15 juni.

Til møte skal sektor for samfunnsutvikling lage eit grunnlagsnotat før møte, som skal vere eit faktagrunnlag for bruk av overgangsfelt.

Alle behandlingar med førespurnad om oppretting av nye overgangsfelt skjer etter Statens Vegvesen si handbok «handbok V127 – kryssingsstadar for gåande». Sjølv om eldre overgangsfelt ikkje imøtekomer krav for utforming etter handboka, skal nye overgangsfelt behandlast etter handboka og ikkje etter kva som har vore gjort tidlegare.

Handboka er utarbeidet for å betre ivareta sikkerheita til mjuke trafikantar. Handboka blir oppdatert med jamne mellomrom etter nyaste forsking og rapportar på kva som gir god trafikksikring.

Etter fagleg rettleiing frå VLFK blir det vist til at gangfelt i seg sjølv, ikkje gir eit trygt kryssingspunkt for mjuke trafikantar, og vil kunne gjøre kryssing av veg farlegare. Det blir vist til at det ikkje er tillat med oppretting av overgangsfelt på veger med fartsgrense 60 km/t og høgare.

Kryssingspunkt for mjuke trafikantar i problem område som Ådland, Hisdalen og Lauvskar, let seg ikkje gjennomføre med bruk av overgangsfelt i dagens situasjon.

Det har lenge vore forsøkt å opprette fleire overgangsfelt i Samnanger kommune. Vurderingane om det er lov eller ikkje er basert på gjeldande forskrifter som saksbehandlar skal jobbe direkte ut i frå.

Samnanger kommune bør jobbe meir mot spørsmål som, kva kan me gjere for å skape trygge kryssingspunkt i kommunen når det ikkje er lov med overgangsfelt? Kva må til for å få ned fartsgrensa slik at det er mogleg å opprette overgangsfelt? Har denne problemstillinga blitt løyst andre stader i fylkeskommunen, og korleis gjorde dei det? Kva kan VLFK bidra med for å løyse problemstillinga?

Dette er dialogar som har vore tenkt å bli løfta fram i arbeidet med trafikksikringsplanen for Samnanger kommune. Dette vil gi ryddige prosessar som er enklare å forhalda seg til. Vurdering av problemsonar, innhenting av fakta om situasjonen, saman med VLK å komme fram til løysningar som er godkjende etter forskrifter, politisk vedtak, vedtak om finansiering, gjennomføring.